


# Lær deg å lage ditt eiga biokol



*Biokol er det siste innan både hagebruk, landbruk, økologisk jordbruk og innan gartnerinæringa*



**Kurset er mynta på alle som arbeidar med jord, både som privat hageeigar, og som profesjonell aktør innan jordbruket.**

## **Kva er biokol?**

Biokol er ein gløymt teknologi som vart gjenoppdaga først på 1990-tallet, og har tidlegare også vore brukt i Norge. Teknikken lagar ein eksponensiell auke i bioaktiviteten i jorda, forbetra jordstruktur og sunnare plantevekst. Den kan samanliknast med ein korallrev, som utgjer ein betydeleg kjelde til bioproduksjon i havet. Sist, men ikkje minst, bruk av biokol kan bli ein av de største kjeldene til karbonlagring.

## **Kva vi gjennomgår på kurset:**

- Praktisk brenning av biokol etter ein enkel, lågteknologisk metode. Resultatet er 70-90 liter kol som blir fordelt på deltakarane. Medan kolet blir til, nyttar vi tida til fordjuping:
- Verknad av biokol i jorda - korleis biokol endrar jordstrukturen.
- Biokol, kompost og interaksjon mellom biokol og mikroorganismar.
- Bruk av biokol og sopprot ved planting av buskar og trær.
- Presentasjon av 3-4 andre teknikkar for å lage biokol.
- Termiske og tekniske konsekvensar av ulike pyrolyseteknikkar.
- Kvalitet på biokol ut frå ulike råstoff og pyrolysemåtar.
- Inokulering av biokol – lading av biokol med næringsstoff.
- Bruken av EM – Effektive Mikrobar i hagen og i komposten
- Innføring i sopprot - røtene sine røter – og næringsutveksling.
- Karbonfangst: kor stor er effekten av biokol?

Brenning av kolet må gjerast utandørs. Ved dårlig vær må ein ha gode klede.

***Kurset er på heime på tunet vårt på Karskogen  
frå kl.12:00 til 16:00. Det blir ei liti pause med enkel servering***

***Det er sett opp kurs: 23.juli og 6.august 2022***

***Du finn oss på: Brennevegen 16, 2950 Skammestein (litt sør for Beitostølen)***

***DU kan gjera eit aktivt bidrag til å motverke klimaendringar!***



God Jord as  
Brennevegen 16  
2950 Skammestein  
Tlf: (+47) 901 98 128  
E-post: post@godjord.no

Org.nr: 920 654 142 MVA  
Vipps: 517 926  
Bank: 9533.05.39810  
IBAN: NO5595330539810  
Swift: HANDNOKK